



BORE KYRKJE

SETT - FAMNA - UTFORDRA

Møtebok

Råd: Bore sokneråd
Møtestad: Bore kyrkjestove
Dato: 13.05.2020
Tid: Kl. 19:30 - 22:00

Følgjene medlemmer møtte

Elisabet Haarr

Ivan Fjeld

Jens Kåre Bore Stokka

Jonas Meling Berge

Marita Midtun Finstad

Torill S Bøen

Solfrid V Skalvik

Nicolai Homme

Torunn Renate Bore

Rolle

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Varamedlem

Menighetspedagog

Leiar

Nestleiar

Bore, 14.05.2020

Nicolai Homme
soknerådsleiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
20/024	Godkjenning av innkalling
20/025	Godkjenning av referat
20/026	Samtale om arbeidet - mai
20/027	Informasjon frå og til fellesrådet - mai
20/028	Ny prost på Jæren
20/029	Weekend 2020 - Tonstadli
20/030	Orienteringer - mai



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv:

JournalpostID: 20/483

Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad

Dato: 05.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/024	Bore sokneråd	13.05.2020

Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:
Innkalling blir godkjent.

Bore sokneråd 13.05.2020:

BS- 20/024 Vedtak:
Innkalling vart godkjent.



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv:

JournalpostID: 20/469

Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad

Dato: 04.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/025	Bore sokneråd	13.05.2020

Godkjenning av referat

Forslag til vedtak:

Bore sokneråd 13.05.2020:

BS- 20/025 Vedtak:

Referat fra forrige møte godkjent.

Vedlegg:

Protokoll - Soknerådsmøte i Bore



Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/026	Bore sokneråd	13.05.2020

Samtale om arbeidet - mai

Saksopplysningar:

Arbeidet i kyrkjelyden har sidan 12. mars, har vore svært annleis enn vanleg. Dåp, vigsel og gravferd har vore avvika med særlege restriksjonar. Alt anna har vore avlyst eller formidla digitalt. Me fekk laga påskefilmar og det er publisert ei barnesamling. I tillegg har Bjarne og Ivan vist seg på Facebook. Samfunnet opnar stadig opp, men det er pr. i dag uvisst når me kan ta til med normal drift i sokna. Inntil då vil me halda fram med digital formidling på fleire vis. Det vil bli publisert små snuttar av folk i soknet, laga av frivillige. Staben har planar om å laga ein pinsemusikal ved hjelp av både betalte og frivillige medarbeidarar. Utgiftene til dette blir teke frå trusopplæringsbudsjettet. Ivan er i gang med å tenkja ut korleis han best kan dela undervisning/formidling. Staben held fram med heimekontor, men vurderer retningslinjene etter kvart som regjeringa legg dei fram. Me ønskjer å koma tilbake til kontoret og fellesskapet så fort det let seg gjera. Torsdag 7. mai er det venta ytterlegare informasjon frå myndighetene. Det vil vera klart før neste soknerådsmøte.

Forslag til vedtak:

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Bore sokneråd 13.05.2020:

Ny lokal smittevernplan vart lagt fram for soknerådet. Den må vedtakast i sokneråd og fellesråd før me tillet aktivitet i kyrkja, i koronatida. Soknerådet vurderte staben sine planar om å ta til med gudstenester 24. mai. Det viser seg at behovet for dei minste barna ikkje virkar å vera så stort. Med tanke på dei strenge restriksjonane, ser foreldra det vanskeleg å ha med dei minste i kyrkja når avstandsreglane skal overhaldast. Derimot ser soknerådet behovet for dei vaksne, og ønskjer å møta det. Med to etterfølgjande kveldsgudstenester gir det kyrkjelyden fleksibilitet i deltaking. Klokkeslett på gudstenestene blir sett til kl. 18 og 20 fram til sommarturnus. Nådepuls kan også gjennomførast i tråd med smittevernreglane. Dette skal drøftast i komiteen.

BS- 20/026 Vedtak:

Lokal smittevernplan for Bore sokn vart vedteke.

Oppstart gudstenester i Bore blir:

Første gudstenester i oppstarten blir 24. mai kl. 18 og 20

2. pinsedag kl. 18 og 20

Nåde puls kan gjennomførast 7. juni kl 18 og 20 dersom komiteen ønskjer det

Sommaravslutning 21. juni blir markert med eit utearrangement.

Bore sokn vedtek å leggja gudstenestene 12. juli og 2. august til Frøyland og Orstad kyrje.



BORE KYRKJE

SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/481
Saksbehandlar: Elin Anita Garpestad
Dato: 05.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/027	Bore sokneråd	13.05.2020

Informasjon frå og til fellestrådet - mai

Saksopplysningar:

Den saka som betyr mest for Bore for tida, er definitivt «Utviding av parkeringsplassen ved Bore kyrkje». Klepp kommune har kalla inn til eit innledande møte 8. mai på Teams ang. oppstart av planarbeid for prosjektet. Der vil kyrkjeverje, Nicolai og Elin Anita delta. Soknerådet hadde ei befaring ved kyrkja 4. mai for å vurdera plassering av eit framtidig bygg for kyrkjelydsarbeidet. Innspela frå denne befaringa vert teke med til møtet med kommunen. Ei oppsummering av dette vil bli gitt i soknerådsmøtet 13. mai.

Forslag til vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering.

Bore sokneråd 13.05.2020:

Møte på Teams var svært positivt. Kommunen kom med eit godt forslag til plan. Etter litt drøftingar, kom det gode innspel til nytt utkast, både endring i plassering av nytt bygg og trafikkavvikling.

Behov for masse for utbygging er lik den massen som ligg på Jensi sitt området og kan brukast. Den kan bli flytta ved dugnad. Massa er gitt til oss og dette har stor verdi.

Plan blir lagt fram for politisk behandling i juni ved første gongs behandling.

Soknet ønskjer å ha hand om prosjektansvaret ved eigen konsulent (slik me gjorde det når kyrkja vart utvida i 2012/2013). Ein prosjektkomite blir sett ned av soknerådet.

BS- 20/027 Vedtak:

Soknerådet er tilfreds med forslag til reguleringsplan og vil arbeida vidare med han. Soknet ønskjer å ha hand om prosjektet. Soknerådsleiar og dagleg leiar tek kontakt med kyrkjeverje for å drøfta framdrifta. Ein komite må eventuelt setjast ned for vidare arbeid.



Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/028	Bore sokneråd	13.05.2020

Ny prost på Jæren

Saksopplysningar:

Nåverande prost i Jæren prosti, Kjell Børge Tjemsland, går av med pensjon i sommar. Ny person skal derfor tilsetjast. Stavanger bispedømmeråd tilset i rådsmøte 9. juni. I innstillingsrådet er sokna representert med ein person frå prostesetet (Time) og ein person frå eit anna sokn. Sokneråda får elles uttala seg om kven ein ønskjer å tilsetja. Sokna har fått tilsendt nødvendig informasjon frå søknadsprosessen og dei to søkjarane og drøftar desse. Denne informasjonen blir sendt på epost til soknerådsmedlemmane og all behandling i denne saka er untatt offentlegheit. Medlemmane har taushetsplikt.

Forslag til vedtak:

Bore sokneråd har i møte 13. mai gjennomført val av kandidat til prostestillinga i Jæren prosti. Det ga følgjande resultat.

1. x stemmer
2.x stemmer.

Bore sokneråd 13.05.2020:

7 til Tjelle
0 til Nordtun

BS- 20/028 Vedtak:

Forslag til vedtak:

Bore sokneråd har i møte 13. mai gjennomført val av kandidat til prostestillinga i Jæren prosti. Det ga følgjande resultat.

1. Lars Sigurd Tjelle fekk 7 stemmer
2. Ellen Nordtun fekk 0 stemmer.

Vedlegg:

Brev prostetilsetting



Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/029	Bore sokneråd	13.05.2020

Weekend 2020 - Tonstadli

Saksopplysningar:

Kyrkjelyden reiser på weekend til Tonstadli siste helga i september (25.- 27.) Program og tidsramme for helga er klarlagt dersom ein bruker fjorårsplanen. Den har fungert fint. Tema er sett: «Den heilage Andre» – tre undervisningar der ein følger Alphakurset. Ivan og eventuelt andre underviser dei vaksne. Ut over dette, må det vera ein komité. Oppgåvene for komitéen vil vera: praktisk tilrettelegging og organisering. I tillegg må ein ha nokon til å ta samlingar for barn. Ein bør vera 4-5 stk i komitéen. Soknerådsmedlemmane bli oppmoda om å tenkja på nokon aktuelle å spørja.

Forslag til vedtak:

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Bore sokneråd 13.05.2020:

Utsiktene til om det blir weekend 2020, er svært usikre. Det blir derfor vanskeleg å spørja frivillige om å utgjera ein komite.

BS- 20/029 Vedtak:

Soknerådet tek ansvar for weekend 2020 dersom det blir.

Vedlegg:

Program for weekenden og matønsker
Program med ansvarsfordeling



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/482
Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad
Dato: 05.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/030	Bore sokneråd	13.05.2020

Orienteringer - mai

Saksopplysningar:
Situasjonen for stab

Forslag til vedtak:
Soknerådet tek saka til orientering

Bore sokneråd 13.05.2020:

Gudstenestelista med påført offer vart sendt ut til soknerådsmedlemmane før møtet. Vedtaket av lista er gjort, men nå er offer påført.

BS- 20/030 Vedtak:
Soknerådet vedtek gudstenestelista for 2020 med påført offer.